



PETROLEUMSTILSYNET

Equinor ASA, Mongstad

5954 MONGSTAD

Vår sakshandsamar  
Trond Sundby

Dykkar ref.

Vår ref. (ved svar)  
Ptil 2021/1692/TES

Dato  
17.12.2021

### **Rapport etter tilsyn med styring av risiko og vedlikehold knytt til oljedreneringssystem (olje i vatn) med Miljødirektoratet på Mongstad**

I perioden 1. – 5. november 2021 førte vi tilsyn med styring av risiko og vedlikehold knytt til oljedreneringssystem (olje i vatn) på Mongstad. Revisjonen vart gjennomført som ein fellesrevisjon med Miljødirektoratet (Mdir) og Petroleumstilsynet (Ptil). Revisjonen vart formelt varsla av Mdir i mai 2021 og dei leia revisjonen. Bakgrunnen for revisjonen var ein inspeksjon Mdir hadde gjennomført på Mongstad i slutten av 2020.

Arnstein Flatlandsmo frå Mdir var leiar for revisjonen og Ptil stilte med Semsudin Leto og Trond Sundby. Målet har vore å lage ein felles rapport etter revisjonen der observasjonar har referansar både til Mdir og Ptil sine regelverk.

Vedlagd følgjer fellesrapport som inneheld påviste avvik. Vi ber dykk gjere greie for korleis avvika blir handtert. Vi ber om eit samla svar på rapporten til Ptil og Mdir.

For liste over deltakarar og dokumenter som vart nytta i tilsynet viser vi til brev frå Mdir.

Vi ber om svar på dette brevet innan 1. februar 2022. Vi ber og om at brevet og rapporten blir gjort kjend for dei tillitsvalde, inkludert verneomboda.

Ved eventuelle faktafeil i rapporten, ber vi om at de tek kontakt innan ei veke etter dette brevet sin dato.

Rapporten vil bli publisert på nettstaden vår ei veke etter dette brevet sin dato.

Med helsing

Kjell Arild Anfinsen e.f.  
*tilsynsleiar*

Trond Sundby  
*sjefingeniør*

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har difor ingen signatur*

Vedlegg: Revisjonsrapport